

Ingen frå Uskedalen påmeldt

28.09.2012

26 av dei 416 som har flytta inn i Kvinnherad i det siste året har slege seg ned i Uskedalen, men så langt har ingen av dei meldt seg på til tilflyttarsamlinga i Rådhuset på tirsdag,

Så langt har 90 meldt at dei kjem men det er framleis plass til fleire, seier næringsrådgjevar Karin Thauland i kommunen.

Ho presiserer at invitasjonskonvolutten sjølvsagt gjaldt alle i husstanden som var tilflyttarar sjølv om han var adressert til ein av personane i husstanden som var over 18 år.

Under samlinga deler kommunen ut ein pris på 10 000 kroner til ein av dei som har møtt. Det same gjer verksemda Noreq, men dei satsar på dei unge og deira pris går til dei som er fødd mellom 1977 og 1997.

Dei ulike innslaga i programmet vil synleggjera litt av mangfaldet i Kvinnherad og det blir sjølvsagt også noko å bita i. Det heile startar klokka 17.

Av Ola Matti Mathisen